

Oppgåver og ansvar.

Forskrift til O-Lova		Prøvenemnda	Kandidaten
§3-48, og §3-57-58	<p>Oppstart og gjennomgang av oppgåveteksten</p>	<p>Prøvenemnda er ansvarlege for at prøve kandidatane er kjend med forskrifta som regulerer fagprøva.</p> <p>Dele ut og gjennomgå oppgåveteksten saman med kandidaten, og forklare:</p> <ul style="list-style-type: none"> • At prøva er 4-delt og at det i oppgåveteksten er oppgitt kor lang tid kandidaten kan bruke på kvar del. • Kva vurderingskriteria eigentleg er, og korleis kandidaten kan nyttiggjere seg dei under prøva. • At alle delane av fagprøva blir vurdert av prøvenemnda og inngår i vurderinga. • At kandidaten må grunngje i dokumentasjonsdelen dersom gjennomføringa avvik frå plana. • Kven kandidaten skal kontakte dersom det er behov for det. <p>PRØVENEMNDA BØR KONTROLLERE AT KANDIDATEN FORSTÅR OPPGÅVETEKSTEN SLIK DEN ER MEINT Å VÆRE</p>	<p>Er førebudd på prøva jfr. avtale og har med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læreplan for faget • Gjeldande forskrift (kap3) • Utstyr/hjelpemiddel som det er gjort avtale om. <p>Kandidaten er ansvarleg for å sikre at han/ho forstår oppgåva/oppgåveteksten slik den er meint å være</p>
§3-57 a §3-58-59	<p>Planlegging</p>	<p>Oppgåveteksten skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal gjere i planleggingsdelen. • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for planleggingsdelen • Korleis prøvenemnda skal få overlevert planleggingsdelen. (fax, e-post, personleg) 	<p>Gjennomfører planleggingsoppgåva innan oppgitt tidsfrist.</p> <p>Prøvenemnda skal ha motteke planen/oppgåvesvaret før kandidaten kan starte på gjennomføringsdelen.</p>
§3-57 b §3-58-59	<p>Gjennomføring</p>	<p>Oppgåveteksten skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten skal utføre-kva problem som skal løysast. • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for gjennomføringsdelen 	<p>Gjennomfører gjennomføringsdelen etter eigen plan.</p> <p>Dersom kandidaten avvik frå plana, må dette grunngjevast og leggast fram for prøvenemnda i dokumentasjonsdelen.</p>

Forskrift til O-Lova		Prøvenemnda	Kandidaten
§3-57 c §3-58-59	Vurdering av eige prøvearbeid	Oppgåveteksten skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal vurdere. • På kva måte (munnleg og/eller skriftleg) • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva Prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for vurdering. 	Gjennomfører vurdering innan oppgitt tidsfrist
§3-57 d §3-58-59	Dokumentasjon av eige prøvearbeid	Oppgåveteksten skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal dokumentere. • På kva måte (munnleg og/eller skriftleg) • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva Prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for dokumentasjonsdelen 	Gjennomfører dokumentasjonsdelen innan oppgitt tidsfrist
§3-59	Vurdering	Vurderer den 4-delte fagprøva, og gjennomfører ein samtale med kandidaten ”Prøvenemnda kan i ein oppsummerande samtale til slutt stille spørsmål til fagleg avklaring”	Kandidaten klargjer og begrunner forhold ved prøvearbeidet.

§ 3-57. *Innhald i og omfang av fag- og sveineprøva*

Prøvenemnda har ansvaret for utforminga av fag- og sveineprøva. Lærebedrifta, eventuelt skolen som alternativ til opplæring i bedrift, kan komme med forslag til arbeidsoppgåver.

Fag- og sveineprøva skal prøve kandidaten sin kompetanse i faget slik denne er beskriven i læreplanen for opplæring i bedrift i lærefaget. Alle kompetansemåla i læreplanen for faget skal kunne prøvast. Arbeidsoppgåvene i prøva skal reflektere krava til fagleg kompetanse. Prøvenemnda har ansvar for at kandidaten sin kompetanse i faget blir prøvd på forsvarleg måte.

Opggåva skal klart definere innhaldet i det ein forventar av kandidaten sitt arbeid. Innanfor ramma av kompetansemåla i læreplanen skal oppgåva prøve kandidaten i

- a) planlegging av arbeidet og grunngiving for valde løysingar
- b) gjennomføring av eit fagleg arbeid
- c) vurdering av eige prøvearbeid
- d) dokumentasjon av eige prøvearbeid.

Omfanget av prøva skal vere klart definert og innanfor den tidsramma som er fastsett i læreplanen.

Prøvenemnda kan i ein oppsummerande samtale til slutt stille spørsmål til fagleg avklaring.

Oppgåva må utformast slik at ho gir kandidaten reell moglegheit til å utføre eit kvalitetsmessig godt arbeid innanfor fastsett tidsramme. Dei hjelpemidla kandidaten har brukt i læretida, skal kunne nyttast under prøva. Det skal gå tydeleg fram korleis dei ulike delane av prøva skal leverast.

I tillegg til oppgåva, skal prøvenemnda samstundes utarbeide eit grunnlag for vurdering av kandidaten sitt arbeid med fag- eller sveineprøva. Hovudpunkta i grunnlaget skal gjerast klare for kandidaten.